



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Cathrine Tvedt Lorentzen, 5557 2113

Vår dato
09.12.2015
Dykkar dato
08.12.2015

Vår referanse
2015/15876 423.1
Dykkar referanse
14/7309

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Retur av klagesak - Byggesak - Lindås - Alverneset - Gnr 137 bnr 288 - Deling

Vi viser til dykkar ekspedisjon av 08.12.2015.

Bakgrunn for saka

Lindås kommune v/Plan- og miljøutvalet gav i vedtak av 04.02.2015, sak 006/15, avslag på søknad om overføring av areal frå gnr. 137 bnr. 288 til gnr. 137 bnr. 484.

Vedtaket blei påklaga av tiltakshavar, Pål Thorgersen, ved brev av 06.03.2015.

Plan- og miljøutvalet handsama klagen i møte 10.06.2015, sak 087/15. Klagen vart ikkje teken til følgje. Saka vart deretter sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

I vedtak av 03.09.2015, oppheva Fylkesmannen Lindås kommune sitt vedtak av 04.02.2015, vår ref: 2015/8362. Saka ble sendt tilbake til kommunen for ny handsaming.

Plan- og miljøutvalet handsama saka på nytt 02.12.2015, sak 162/15. Kommunen har opprettheldt vedtaket som vart gjort i sak 006/15. Saka vart deretter sendt til Fylkesmannen for endeleg vurdering av klagen handsama i sak 087/15.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen skal som klageinstans avvise saka dersom vilkåra for å behandle klagesaka ikkje ligg føre, jfr. forvaltningslova (fvl) § 34 første ledd. Fylkesmannen sin kompetanse til å handsama saka føreset at vedtaket i saka er påklaga, jfr. fvl § 28.

Fylkesmannen viser til at vi i vedtak av 03.09.2015 oppheva Lindås kommune sitt vedtak av 04.02.2015 om å avslå søknad om frådelling av eigedom. Vedtaket av 04.02.2015 er dermed *ugyldig*. Fylkesmannen har sendt saka tilbake til Lindås kommune for ny handsaming. Dette inneber at kommunen *må handsame søknad om frådelling på nytt*.

Plan- og miljøutvalet handsama saka i møte 02.12.2015, og fatta følgjande vedtak:

«Lindås kommune har vurdert Fylkesmannen sine kommentarar til vedtaket gjort av Plan- og miljøutvalet i sak 006/15. Kommunen finn at dei momenta som fylkesmannen har trekt fram ikkje gjeld for den sak som her er til handsaming. Kommunen opprettheld difor vedtaket som vart gjort i sak 006/15, og finn ikkje grunnlag for å dispensere frå kravet om regulering for arealoverføring mellom

gnr. 137 bnr. 288 og gnr. 137 bnr. 484 kan finne stad. Søknad om deling av arealoverføring vert avslått.»

Dette vedtaket er på noverande tidspunkt ikkje påklaga. Fylkesmannen viser til at vedtaket av 02.12.2015 er eit nytt avslag på søknad om frådelling, og dermed eit nytt enkeltvedtak som kan klagast på, jfr. fvl § 28, jfr. § 2 første ledd, bokstav b). Kommunen må derfor underrette partane om klagemoglegheiter, dersom dei ikkje allereie har fått opplysningar om dette.

Med utgangspunkt i ovannemnde vurdering vert saka etter dette sendt i retur til Lindås kommune for handsaming.

Tiltakshavar vert underretta ved kopi av dette brev. For ordens skuld vil vi presisere at dersom tiltakshavar er ueinig i kommunen sitt vedtak av 02.12.2015, kan han klage på dette innan 3 veker etter at han fekk vedtaket. Ein eventuell klage skal rettast til kommunen.

Dersom saka vert påklaga av nokon av partane innan klagefristen på 3 veker, ber vi om at saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland, dersom kommunen ikkje sjølv etter ei ny vurdering tar ei eventuell klage til følge, jfr. fvl § 33.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Cathrine Tvedt Lorentzen
rådgevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Per Thorgersen Alverneset 10 5916 ISDALSTØ